


Varhaugbuen



BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3

**Minikoret
på Varhaug
25 år**

**Fylkesleir
4H**

**Jon Harald
60 år**

**Korpset på
Tysklands-
tur**



VARHAUGS PULSEN

OPNAR 2. OKTOBER



Varhaugs Pulsen

I første nummer av "den nye" Varhaugbuen, skreiv me om Formtoppen som opna på Varhaug. Nå er denne historie, og i staden kjem Varhaugs Pulsen i Bohus kjellaren, som 4 spreke unge damer frå Varhaug har valt å satsa på. Kathrine Skrettingland, Brith Jorunn Berntsen, Oddveig Aarsland og Jane Elise Sandø, heiter damene som ynskter å få til noko nytt i stasjonen og i bygda. Dei samlast første gong 1. februar i år, og dei har hatt mange opp- og nedturar gjennom året, men er nå veldig glade og stolte over at dei klarte å koma i mål med planen sin. Utan drahjelp frå næringslivet på Varhaug hadde dei aldri klart det, seier dei 4. Høg husleige andre stader har vore ein stor bremsekloss, men nå har dei fått til ein leigeavtale det skal kunne gå an å leva med.

Det er ikkje meir enn 2 veker sidan alt var i boks, og nå er det fult kjørt med maling og anna for å få den gamle Bohus kjellaren ferdig til opningsdagen. Damene seier dei hadde aldri klart dette siste utan gode ektemenn som står på tidleg og seint for dei. Desse og ikkje minst næringsforeninga er det dei kan takka for at opningsdagen nærmar seg.

Fredag 2. oktober vert Varhaugs Pulsen opna av ordføraren, og det vert gratis trening og fri innmelding heile helga.

Damene har tidlegare både trena

og vore instruktørar hos Formtoppen. Dei har kursa seg, og er sertifiserte instruktørar Dei har alle fire anna arbeid, så dette vert ein ekstra jobb i tillegg til heim og familie.

Dette skal vera ein treningsplass for heile familien, både unge og eldre. Alle er velkomne. Og mottoet deira er **"He du puls – he me trening"**

På vegne av Varhaugbuen seier Liv lukke til med dette flotte tiltaket. Endeleg skjer det noko nytt og po-

sitivt på Varhaug. (Eg har og sagt at på neste styremøte skal heile styret for bladet møta opp til trening, dersom dei ikkje har vore der før) Liv

Er det noko de lurar på, kan de ta kontakt med: Kathrine Skrettingland tlf. 48 23 94 62, Jane Elise Sandø tlf. 91 82 86 60, Brith Jorunn Berntsen tlf. 95 93 70 78 eller Oddveig Aarsland tlf. 93 28 83 66.



NORGESHUS
Varhaug
BYGGMESTER
**Jon Harald
Håland a.s**
Opstadveien 653, 4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 07 70 - Mobil 911 811 67

HRD

HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E-mail: runco@hrd.no

Jæren Flis & Skifer as

ERIK JESSEN
Roslandsveien 311, 4343 Orre
Tlf. 51 43 55 78 • Fax. 51 43 71 23
Mobil 905 11 987 • E-post: ej@hesbynett.no

VÅTROMS
GODKJENT

FLISER • SKIFER • MUR • PUSS

- Gratis trening for alle
- Fri innmelding hele åpningshelgen *
- Tren så mye du ønsker
- Ingen påmelding, vær ute i god tid
- Ordføreren kjem kl 16.30 og klypper snora

Tid	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
10.00 - 11.00		Spinn 2 (Jane Elise)	
11.30 - 12.30		Body Pump (Kathrine, Brith Jorunn og Elbjørg)	Body Pump (Kathrine, Brith Jorunn)
13.00 - 14.00		Ung Puls	Combat (Silje/Elbjørg)
17.00 - 18.00	Step (Linn Karin)		Spinn 2 (Jane Elise)
18.00 - 18.45	Spinn 1 (Kristin og Lisbeth)		
19.00 - 20.00	Pilates (Anne Kristin)		

*Gjelder ved tegning av et års medlemsskap.



Fra venstre: Jane Elise Sando, Oddveig Aarsland, Kathrine Skrettingland og Brith Jorunn Berntsen

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforening

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Kristin Søyland, bygdekvinnelaget

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H

Styremedlem

Sigbjørn Varhaug, Vennelaget

Lerbrekk skule

Varamedlem

Steinar Malmin, skulekorpset

Varamedlem

Sverre Aanestad, fråhaldslaget

Redaktør


Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passe vel betre då enn å ta med eit av versane om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymlekednad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*



Helsing frå ein utflytta Varhaugs-familie.



Brit Jorunn og Tarald

For snart tjue år sidan, sommaren 1990, flytta me til Tromsø. "Me", var: Tarald, Brit Jorunn, Ellen f. 82, Tordis f. 83 og Lise f. 87. Alle med etternamn Varhaug.

I 1992 fekk me Oddveig, fødd på sjukehuset i Tromsø, og den einaste i familien som snakkar nord-norsk dialekt.

Me bur i Tromsø kommune. Staden me bur, heiter Kaldfjord, og ligg på Kvaløya, rett utfor Tromsø. Det er bruforbindelse mellom Tromsø og Kvaløy. For oss er det ca 1,5 mil å kjøre inn til byen.

Tarald arbeider som kateket på Kvaløya.

Brit Jorunn arbeider som sjukepleier i hjemmesykepleien i byen.

Ellen er lærar, og arbeider ved ein skule på Kvaløya. Ho er gift med Andreas, ein innfødd tromsøværing.

Tordis er barnevernspedagog, og arbeidar i kriminalomsorga. Ho er gift med Øystein. Han kjem frå ei øy lenger nord, Skjervøy. Dei vart



Ellen og Andreas

foreldre, og me vart besteforeldre til Linea i sommar. Tarald og Brit Jorunn er stolte besteforeldre!

Lise studerer psykologi ved universitetet i Tromsø. Ho er nå kjærast med Magnus frå Værøy, ei øy ytterst i Lofoten.

Oddveig går andre året på Kvaløya vidaregåande skole, og er ei aktiv jente med mange venar, og mykje på programmet.

Då me flytta til Tromsø, vart me med i Tromsø Indremisjon, det som nå heiter Nor-kirken Tromsø. Heile familien er framleis ein del engasjerte her.

Elles må det nevast at me alle er veldig glade i å reisa til Varhaug for å treffa familie og vener. Og for å sjå igjen bygda og naturen rundt. Dessutan er vi alle enige om at Brusand er verdas beste Sydenstrand!

Det er også alltid stas å koma til Kaldfjord, og ha med seg morrpølsa og grovt brød.

Med desse orda seier me i Varhaug-familien takk for oss.



Tordis, Linea og Øystein



Oddveig



Lise og Magnus

PS: Dette innlegget har nok ei sailig blanding av både nynorsk- og bokmålsord. Det er ein av konsekvensane av å flytte frå Varhaug til Tromsø.



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi
v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 - 19
Tirsdag og fredag 9 - 15

Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)

FARGERIKE
Lytt til erfarne fagfolk

FARGERIKE Halvorsen

Varhaug
Tlf. 51 43 61 00 / 906 38 531



Litt frå bygdekvinnelaget

Det har vore ganske stor aktivitet i laget det siste året og. Men me kunne ynskt at fleire kom på møta våre. Du treng ikkje vera medlem for å vera med oss. Møta er opne for alle. Kom og sjå om dette kan vera noko for deg!

Bygdekvinnelaget er oppteken av det som skjer i bygda, og basarpen-gane går alltid tilbake til eit eller anna i bygda. I fjor var det skulekorpset som fekk eit bidrag då dei var 50 år. Tidlegare har både kyrkja og skulen fått tilskot til noko dei ynskte seg til arbeidet sitt.

Som i andre lag, så slit og bygdekvinnelaget med rekrutteringa. Dei gamle forsvinn, og så kjem det ikkje nye til. Dei siste åra har ein med eit "naudskrik" fått fult styre takka være eldsjeler i laget som ser verdien i laget for bygda.

Tida endrar seg, og styret prøver å godt det let seg gjera å fylgja utviklinga. Men ein må berre inn-sjå at det er ikkje slik nå som før, som ei av dei eldste medlemmane sa ein gong: "Me var kjempeglade for bondekvinnelagsmøta. Då fekk me verkeleg ei fristund frå både mann, kyr og ungar" Samstundes som det var ei fristund, var det og ei sosial samling med mentalt påfyll, som me alle har behov for av og til.

Neste år skal Varhaug saman med Nærbø vera vertskap for årsmøtet til Rogaland bygdekvinnelag. Det er eit ganske stort opplegg med over 100 utsendingar. Men komiteen frå dei to laga føler at dei alt nå har det meste under kontroll. Meir om dette i seinare blad.



Frå Varhaug sentrum - september 2009



Ryddegjengen – Varhaugs' egen ryddegjeng

Vi skriver september –09 og for amplene i sentrum er i ferd på å renne ut. I år er nok inntrykket at amplene har vært frodige med rødt og grønt. Jæren, Varhaug inkludert, har gjerne ikke den plassen der det er lettast å få fram store og blomstrende ampler. Kanskje det også skulle vært like ampler over alt i Sentrum? I forhold til den gode jobben som "Ryddegjengen" har gjort med rydding og vanning har de kanskje fått en lite "betalt" i form av blomstrende ampler denne sesongen.

"Ryddegjengen" holder "koket" De fikk til et imponerende opplegg med vanning og stell. Her skulle hatt et bilde av gjengen på en av vanning- og stellrundene. Somme ble slik, etter hvert, at det var i nødvendig med vanning, det har dre krefter, juli – og august regnet sørget for. Vi så det best på forsermeren, at gjengen hadde godt på det, og vi så det slik an at vi skulle ha god tid til et bilde. Slik ble ikke.

Vanlige rydderunder tas og det er alle svært glade for.

Det arbeides stadig med ideer for å utvikle sentrum til et trivelig senter å være. Nybygget til Coop'en har form og vi går en svært spennende tid i møte, særlig med utviklingen av sentrum. Hvilke aktiviteter kan vi i sammen skape? Annet sted i bladet er det omtale av jentene som ikke lot seg "knekke" av utviklingen. Pågangsmot og vilje så det holder. Flott innsats og de fortjener støtte på mange vis. De kommer til å bli helsebringende aktiviteter til alle. Oppfordringen er selvfølgelig å følge medog delta.

Varhaug, sep-09
Rune Odland



Minikoret på Varhaug er 25år

26. oktober skal Minikoret ha jubileumsfest med kjempestor sjokoladekake.

Det var i oktober 1984 at Gudrun Tora Norli Husveg saman med nokre andre eldsjeler starta med minikoret. Då som nå var det for ungar ifrå 5 år og til 4. klasse.

Då eg var innom var det ca 90 ungar som song av full hals, og dei var verkeleg flinke. Dette var skikkeleg "Glad-song".

Mini koret har øving kvar måndag frå kl. 17.15-17.50, og alle desse ungane er det 7 leiarar som tek seg av. Kor mange som har vore med i mini koret desse 25 åra kan ikkje Berit Skretting seia noko om, men

dei har hatt 70-80 medlemar kvart år, og eitt år var dei heile 110.

Eg kommenterte den lette sjangeren som songane gjekk i, og Berit sa at reportoaret hadde auka ganske mykje desse åra. Nå er det noko heilt anna enn "Min båt er så liten" som vert sunge. Og det var tydeleg at sangane fall i smak hos ungane som gjekk heilt opp i desse med både stemme og kropp.

Dette var glad-song av topp kvalitet, og ein vart både rørt og i godt humør både av å sjå og høyra på.

Om koret har mange medlemar,

er det alltid plass til fleire om det er nokon som ynskjer å vera med. Det er berre å møte opp på misjonshuset neste måndag. Der det er hjarterom.....

Varhaugbuen ynskjer Mini koret til lukke med 25 års jubileet og dei neste åra som kjem.

Liv



Lene Wigestrands, Eline Auestad og Jenny Ånestad hadde solonummer!

Basar



Varhaug bygdekvinnelag hadde sin årlige basar på Eldresenteret torsdag 27. September. Kjellaug ønsket velkommen til en fullsatt sal, og vi åpnet med en sang.

Ordet ble så gitt til Borgny Å. Skretting. Hun skulle snakke om Israel. Først fortalte hun litt om Israels dramatiske historie opp gjennom tidene, og så fortalte hun fra turer til Israel. Dette ble ledsaget av mange flotte og interessante bilder. Det viste et land med veldig mangartede natur. Det var veldig kjekt å høre på henne.


Nå var det tid for pause med kaffe og litt å bite i. I pausen var det anledning til å kjøpe lodd og årer. Det smakte godt med kaffe, og drøset gikk godt; likeså loddssalget.

Etter litt allsang gikk vi over til trekning. Vi hadde mange flotte gevinster, mange gitt av næringslivet her og en del gitt av medlemmene. Det var mye flott å vinne. Trekningen gikk greit, og mange kunne dra hjem med både det ene og det andre.

Til slutt leste Kjellaug et fint dikt som ord for dagen, og vi avsluttet med en sang. Agnes og Irene spilte til sangene på trekkspill og gitar. Det er så mye lettere å synge når vi har musikk, og disse stiller villig opp. Det var en veldig hyggelig kveld.

Britt

"He du haurt"



Her er 2 av steinane med inskripsjon

I sumar vart eg kjent med at der finst nokre steinar i Varhaugsstranda, som løynar ei historie frå krigens dagar.(4 stk) Dette var heilt nytt for meg, og eg tenkte: kor mykje veit me om vår eiga bygd."Dei Ueland" har gjeve oss eit godt innsyn frå krigens dagar gjennom boka,"Minefelt."Men her langs sjøkanten er det og ei historie,- som er heller dunkel. På ein av steinane er innhogt: H. Isaksen 16 -11-1944. Ein annan: J N 1944 og med steinbukken innhogt, som seinare har vorte Hå komune sitt symbol. Eg har vore i kontakt med ein del folk- blant dei eldre,- og det er få som kjenner til desse steinane ved sjøen. Men det eg likevel har funne ut, er at Tyskland etterkvart frykta invasjon frå dei allierte.- Då må nokre tyske generalar o.l. ha

sett for seg Jærkysten som eit mulig landgangsområde. Derfor vart det sett i gang arbeid med å reisa dei såkalla "Hitlartennene," på Brusand. Når det då gjeld stranda vidare nordover, så vart "urå" rekna for eit så stort hinder, med alle steinane der,- at ein trong ikkje noko ekstra. Men tyskarane hadde nok kartlagt kyststripa nøye. Og då visste dei om alle båtstøene med "drette"- som betyr at steinane i "urå" er lagt til rette som eit flatt tereng, med stokkar"lunnar" på tvers av, for å få båten ut og inn frå naustet. Dette kunne vore mulige landgangsplass for dei allierte. Derfor bestemte tyskarane seg for å ødelegga alle desse støene. Til dette arbeidet vart då nordmenn utkomanderte til tvangsarbeid. Det er kjent at dei norske prøvde

å sabotera tyskarane med å lura seg unna arbeidet på eit eller anna vis. Kanskje er det nettopp derfor nokon har hogt inn i steinane, som ligg litt sør for steintippen i Bodle.

Samstundes tenkjer eg på kor fa-refullt det var å ferdast i desse områda, - dengong- som hadde minefelt langs strandsona.

Ja,ja ,- nå har eg kasta meg utpå noko som eg veit altfor lite om. Men kanskje nokon som les dette, har noko å fortelja. I så fall,- ta gjerne kontakt.

Lat meg så få oppmoda til ein strandtur, ein fin haustdag, I november er det altså 65 år sidan dette vart gjort .Du må nok leita litt for å finna dei,- men god tur!

Helsing Sigbjørn Varhaug

Vila Vel & Være kunstgalleri

Kreativt senter og utvikling og balanse.

Kanskje har nokre av dykk lagt merke til eit skilt med "Galleri" på ved Time Sparebank. I kjellaren der finn du (i lokala der kyrkjekontoret var) både eit kunstgalleri og rom for aromaterapi m.m og meditasjon m.m.

Dei 3 damene som februar i år starta dette galleriet er:

Janne Salte, Iris Kloumann og Nina Christin Salte. Alle har ulik bakgrunn før dei starta velværesenteret. M.a. er Nina- som var i Galleriet då "Varhaugbuen" var innom - utdanna dataingeniør, men som ho sjølv seier: "Nå her eg bytta ut maskin med menneske. Ho seier ho har medfødte evne som ho i alle år har brukt for å hjelpa vener, familie og andre, og ville nå arbeida fult med dette. I tillegg til meditasjon og Qi Gong mm arrangerar ho og kurs både i meditasjon og leing/sjølvtutvikling.

Iris har utdanning innan samfunnsfag, og har arbeidd med kurs innan personleg utvikling. Ho har og skolert seg i Bergen innan kunstterapi, og det er ho som har laga alle dei flotte bileta som er på veggene.

Janne er utdanna naturmedisinsk aromaterapeut i tillegg til ei mengd kurs innan sal, leiarutvikling mm. Hos Janne kan både babyer, gravide og alle oss andre få fleire typer massasje.

I ein travel kvardag kan dei fleste finna noko dei har behov for her. Eg følte meg veldig roleg og avslappa etter å ha snakka med Nina i dei fine loka med alle bileta rundt. Eg kjende atmosfæren der inne gjorde godt, og kan anbefala andre til å stikka ned i Gallerikjellaren for å få meir informasjon om alt dei 3 damene kan byd oss.

Lukke til vidare!

Liv



Plastinnsamling

Lørdag 10. oktober har 4H igjen plastinnsamling på Felleskjøpet kl. 10.00 – 13.00. Dette er kjærkomne inntekter for 4H, så kom og lever den plasten du har. Det er ikkje mykje fint når den vert liggande og driva rundt.

Haustattak- gudstenesta

Denne er søndag 20. september. Som vanleg er det Varhaug bygdekvinnelag som pyntar i kyrkja. Offeret denne dagen går og som vanleg til Gadivansprosjektet i Kamerun, der både bondelag og bygdekvinnelag i mange år har vore engasjerte i.

Årsmøte Varhaug bygdekvinnelag

Torsdag 24. september kl. 19.30

Eva Aniksdal, medlem i fylkeslaget, vil koma å snakka om arbeider der. Elles vert det venlege årsmøtesaker, årsal og litt å bita i.

Alle er velkomne.

Styret



Korpset på Tysklandstur

I slutten av juni reiste Varhaug Skulemusikkorps til Tyskland. Turen gikk med ferje fra Kristiansand, en overnatting i Danmark, før innkvartering i campinghytter i Tyskland

Det var en travel uke. Søndagen spilte korpset på gudstjeneste og kirkekaffe i sjømannskirken i Hamburg. En dag besøkte vi Autostadt, et stort bilmuseum som er bygget i forbindelse med VW fa-

brikken. Noen timer i et badeland fikk vi og tid til.

Før mange var nok høydepunktet dagen i Heide Park. Her starta korpset med å marsjere og spille rundt i hele parken, før flest mulig av de over 50 karusellene skulle prøves ut. En del våget seg opp i verdens bratteste tre-berg og dalbane, eller verdens høyeste fritt fall dropp, der de falt 71 m i fritt fall i 100 km/t. Ellers var det noe å finne

på for en hver smak.

Returen gikk med Kiel ferja til Oslo. Det var et cruise skip som var en opplevelse i seg selv.

Å reise på korpstur er vannvittig kjekt.

S.M.



Kompet marsjerer i Heide Park

SLÅING • RAKING • PRESSING

ÅNESTAD
MASKINSTASJON

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

HAUCK
PORTSERVICE AS

A: Varhaug - Opstavn. 623 - N: www.hauck.no
T: +47 51 43 05 66 - F: +47 51 43 13 55



RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



Korpstur er ganske sosialt



Marsjering i Heide Park



spilling i Sjømannskirken i Hamburg



Korpset er i gang

Varhaug Skulemusikkorps startet aktivt opp i høst. 5. og 6. september var det rett på 2 spilleoppdrag. Først Jærstevnet for skolekorps på lørdagen, og spilling på åpen kafé på Lerbrekk Skule på søndagen. Veldig kjekt!

Jærstevnet var på Vigrestad, og hadde en ny vri. Etter marsjering og spilling på Vigrestad Torg, var det underholdning og leker. Det var korpsingene fra de enkelte korps som hadde laga underholdningen.

Korpset er i vekst, det er kommet 10 nye medlemmer i år.

”KORPS ER GØY”

SM



NEW VARHAUG

Brynebuane må klamra seg til det eine høghuset sitt, Nærbø vil breia seg ut mot alle politiske retningslinjer for å verta storebror i Hå, men frå no av må dei sjå på alle blokkene i det urbane kommunesenteret New Varhaug!

12 etasjar høge boligblokker, dobbeltspor på jernbanen og Ånestadvegen under "djupholsbrua" er nokre av endringane i den nye reguleringsplanen for Varhaug.

I skrivande stund har utval for tekniske saker og næring bestemt at forslag til ny reguleringsplan skal sendast ut til høyring. Dette vert gjort frå kommunen si side, fordi det skjer trafikale endringar i området, slik som rundkjøringa i Prestakrysset, og fordi det har skjedd mykje på utbyggingsfronten.

Planen gjeld i området mellom Buevegen, Opstadvegen, Dublandsvegen og Ånestadvegen, det me kan kalla for "skulekvartalet". Når planen vert politisk vedteken i kommunestyret, etter folkemøte og høyringsrundar, skal han vera ei strategisk rettesnor for kva som skal skje i området dei neste 10 åra.

I forslaget er området delt inn i 5 delplanar, der 3 av delaplanane skal vera til bustadformål og 2 delplanar skal vera til sentrumsformål.

Bustadområda består av kvartal med bustadblokker og kvartal med frittliggjande hus. Bustadblokkene er teikna inn langs Opstadvegen og aust og vest for Helsesenteret. Resten av området kring skulen skal bestå av frittliggjande bustader og fortetting av desse (bygging av nye hus i hagane, der det er plass til dette).

Bygging til sentrumsformål inneber at det skal vera plass til servicebedrifter, som kafè, frisør og

butikkar i 1.etasje og bustader i etasjane over. Nesten alle husa som ligg langs Ånestadvegen i dag, er "omgjort" til dette formålet, med 4 høgblokker på 12 etasjar kvar. Ein dramatisk konsekvens av dette, er at alle husa på vestsida av Hagevegen, vil verta grøntområde til desse blokkene.

Her er det viktig å understreka at ingen kan koma og krevja at huseigarane i området skal selja, men at alt sal eventuelt skjer frivillig. Kommunen legg her fram sin framtidsplan for området, så er det opp til utbyggerane og grunneigarane å realisera han.

New Varhaug har 11 bustadblokker med opp til 12 etasjar kvar. Desse blokkene gjev plass til enorme mengder menneske! Er det realistisk å tru at så mange ynskjer å flytja til Varhaug i løpet av dei neste ti åra? Og kan så mange menneske tenkja seg å bu i høgblokk, her som me er vane med å ha god plass?

På spørsmål frå Varhaugbuen svarer Wibecke Natås, sakshandsamar i kommunen, at kommunen fylgjer retningslinjer frå fylke og stat. Retningslinjene seier at alle stasjonsbyane, frå Stavanger og sørover, er pålagde å ha den same bustadtettheten i sentrum. Når ein har så stor tetthet i sentrum, sikrar ein at flest mogleg har gangavstand til tog, buss, butikkar og skule og ein vernar om matjorda som ligg rundt sentrum. Natås framheld at det er kommuneplanen 2007-2011 som er ramma for arbeidet med forslaget til reguleringsplan. Reguleringsplanen er ikkje detaljteikna, og når det kjem konkrete byggeplanar, kan bygg endrast i høgd eller sidevis viss det er praktisk med hensyn til lys eller anna.


På vegfronten er det også teikna inn ein del endringar. Det er teikna inn dobbeltspor på jernbanen og Ånestadvegen går langs jernbanen nesten heilt fram til Reiestadbekken, før han går inn på Kyrkjevegen. Det vil altså ikkje gå an å koma seg direkte ut på Buevegen frå Ånestadvegen. "Djupholsbrua" er tenkt hevla 2 meter for å gje plass til jernbanen og Ånestadvegen under, medan Buevegen går over brua som i dag.

Andre ting som er verd å nemna er at Dublandsvegen på sikt skal verta miljøgate og at undergangen ved Bøen er tenkt flytta lenger sør enn han er i dag. Reguleringsplanen lagar på denne måten ein betre og sikrare trasè for mjuke trafikantar mellom sentrum og skule og barnehagar.

Forslaget til reguleringsplan som syner i Varhaugbuen vert litt endra før han vert lagt ut til offentleg ettersyn, det skal haldast folkemøte om planen og han skal ut på høyring. Når alle har fått sagt sitt, skal han endeleg handsamast i kommunestyret.

Me i redaksjonen oppfordrar alle varhaugbuar til å engasjera seg i saken, for det er oss denne planen gjeld. Møt opp på folkemøte og kom gjerne med lesarinnlegg til Varhaugbuen!

Kristin Søyland



Jon Harald 60 år



28. juli vart dagen feira med ope hus i Klokkarvegen, og eg var der som representant for Varhaugbuen.

Dagen før hadde Jærbladet eit stort stykke om jubilaranten, der det m.a. stod: "Eg skal ikkje pensjonera meg med det første, slår byggmeisteren fast. I staden har han ordna det slik at han har litt meir fridom i kvardagen. Han har sikra at firmaet sviv, sjølv om han er vekke frå sjefstolen. Fridomen nyttar han blant anna til å engasjera seg i Varhaug bedriftsforening, der han i mange år har vore styreformann. Bedriftsforeninga har i

dag 57 medlemmer. Og lokalbladet "Varhaugbuen" har og byggmeister Håland som styreformann.

Tidlegare tider viste alle kva som fanst i dei ulike bedriftsbygningane, og kva dei laga der. I dag er det ikkje slik. Det er ei slags framandgjerding. "Varhaugbuen" ønskjer å gjera noko med det. Me ønskjer at folk skal veta kva som skjer i si eiga bygd, reklamerer styreformannen".

Så langt Jærbladet. Arbeidet med "Varhaugbuen" vert gjort på dugnad. Her har vel Jon Harald den "tyngste" jobben. Det er han som syt for å få inn pengane som trengs

til trykkinga av bladet via annonser frå dei ulike firma på Varhaug. I tillegg til det tek han og sin tøn med utkjøring av bladet rundt i Varhaug. Dette siste gjer resten av styret og, så me har kun portoutgifter til dei som får bladet utanbygds.

På vegne av oss alle som står bak "Varhaugbuen" seier eg vel overstått bursdag, og eg håper du vil halda fram i styret som leiar i mange, mange år til.

Liv



Jon Harald har dette bileiet hengande på kontoret, og her kan ein sjå at det var tidlig bestemt kva bransje han skulle slå inn på. Jon Harald og faren bygg garasje.



Jon Harald og barnebarnet riv den same garasjen som blir oppført på bilete til venstre.

Nytt frå Misjonshuset

Hausten er komen,- og dermed går det for fullt på Misjonshuset. Men i september vert det to veker med mindre aktivitet på misjonshuset- då er det fellesmøter i kyrkja, der alle organisasjonane på Varhaug og Vigrestad sine misjonshus og soknerådet er med. Det vert etablert eit felleskor for møtevekene og i tillegg vil det vera andre gode songarar som deltek. Sjå oppslag,- og kom.

Det vert val måndag 14. september, stortingsval vert halden i matsalen medan kyrkjevalet (val av sokneråd og bispedømeråd) vert i møtesalen. Ha eit godt val.

For å sjå møteprogram og få informasjon om det som føregår på Misjonshuset, vil eg visa til nettsida til Misjonshuset:

www.varhaug-misjonhus.no

Me har installert fleire varmpumper, i matsal, ungdomssal og kjøkken. Det er noko me meiner vil vera med på å minske strømkostnadene.

Alt som vert gjort på misjonshuset er på dugnad. Det siste (som er godt synleg) er oppmerking av parkeringsplassen. Takk til Pål Skretting.

En annen sak: no er ungdomssalen pusset opp,- vegger og tak er malt og det er lagt nye teppefliser på golvet. Og saman med dei nye sittegruppene har det vorte ein heilt ny og flott sal. Arbeidet er gjort på dugnad av ungdomslaget folk! Kjempebra!

Sidan barneskulen er under rehabilitering, vert det no timar for kulturskulen på Misjonshuset. Onsdagar og torsdagar kjem unge

musikarar til misjonshuset for å øve på gitar, piano, messingblåseinstrument og orkester. Alt etter som vert det i matsal, møtesal og ungdomssal. Og tidsrom om lag 1300 – 1800.

Dermed er det duka for ny rekord i aktivitet på misjonshuset,- det har vore om lag 750 arrangement i året,- no med kulturskulen vert det 76 fleire om ein teljar heile dagar og ikkje speletimar for kulturskulen.

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

SJAKK på Varhaug

På Vigrestad speler me sjakk på torsdagar kl 1730-1845. Me held no til i det gamle biblioteket, (ved jernbanen) i dei nye lokalane som vart tatt i bruk 20. Mars som "Vigrestad ungdoms- og nærmiljøsen-ter" og som vil verta forkorta til "kulturtorget Vigrestad".

Me i Hå skulesjakk har ikkje spelekveld på Varhaug sidan interessa for sjakk dabba av. Men dersom det vert fleire gutar og jenter som vil vera med og spela sjakk, så vil me gjerne starta opp att på Varhaug. Heller ikkje på Nærbø var det stor interesse for å spele sjakk, derfor stoppa me tilbodet på Motland skule. Men òg her vil me starta opp dersom det vert meldt interesse.

19. september inviterer Hå skulesjakk til BGP/UGP turnering.

BGP/UGP er ei serie med turneringar for barn og ungdom ("Barnas Grand Prix" og "Ungdomens Grand Prix") og er open for unge spelarar. Her må ein vera medlem i ein registrert klubb for å delta, og resultat telles saman for eit år. Frå Hå skulesjakk var det 4 som fekk diplom eller pokal for 2008.

Den BGP turneringa me vil ha, vert som sagt laurdag 19. September på Varhaug Misjonshus. Me vil laga til kafeteria, og regner med at det kan verta om lag 80 deltakarar.

Me vil koma tilbake i neste nummer av Varhaugbuen med referat og bilete frå turneringa. Og me reknar



med at det vert ein reportasje i Jærbladet òg.

Sjakk for vaksne: Når frivillighetsentralen flytter inn i M44 igjen i nye lokalar, vil det verta ny anledning til å få i gang Jæren sjakkklubb. Men for interesserte er det høve til å koma til Vigrestad torsdagar mellom 1900 og 2100. Her er det ei gruppe som spelar i same lokala som skulesjakklaget, rett etter at ungane er ferdig.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid

Generalforsamling i Bodø

Liv oppmoda meg til å koma med nokre ord frå Søndagsskoleforbundet si generalforsamling som eg hadde ein del ansvar for i sommar.

Stevnet begynte torsdagen og slutta sundag, siste helga i juni, og vart halde ved Saltstraumen litt sør for Bodø. Dette er ein flott og kjend stad, med blant anna den sterkaste malstraumen i verda. Til vår samling kom det i underkant av 200 personar. Vi var godt nøgde med det. Veret var fint heile tida, og det gjorde arrangementet lettare. Me kunne ha pauseserveringane ute, og folk fekk samstundes litt frisk luft. Sjølve forhandlingane, som jo er hovudmålet med gene-

ralforsamlinga, gav meg stor tru på at sundagsskulearbeidet framleis er viktig, og at det har mykje å gje til barna i Noreg.

Sidan me hadde samla så mange folk frå heile landet (dessverre ingen frå Varhaug, men ein god gjeng frå Rogaland), nytta me sjølvstekt høvet til å visa fram litt av den fine naturen som er her. Me hadde ein flott båttur rundt byøyene på fredagskvelden, og me fekk med oss både havørn og nesten midnattsol.

Det var fantastisk gildt å vera med på eit slikt arrangement. Det var så mange gode hjelparar, og alt glei så lett. Me fekk mykje skryt og gode tilbakemeldingar for alt det

flotte me hadde ordna til. Til og med veret fekk me ros for, men det hadde me ikkje gjort anna for enn å leggja det i hendene på han som styrer med det.

Til slutt ei oppmoding til alle som har barn i sundagsskulealder; Sundagsskulen er eit flott tilbod til ungane, og der får ein god opplæring kristen tru. Bruk sundag føremiddag til å fylgja barna - eller barnebarna til sundagsskulen. På Varhaug er det eit flott tilbod både på Misjonshuset og i kyrkja. Det er mange som går der - men det vil alltid vera plass til fleire!

Anne Nordkil



Frå Saltstraumen



Utsikt over Bodø by i forbindelse med turen me hadde fredagen

Coop Varhaug

B&D hekksaks 500W

før kr. 949,-



599,-

Wilfa håndmixer

RH-160



149,-

Osram nødlykt

for bil

199,-

coop

byggmix

coop

Varhaug ba

KAFÉ TILBUD

Brushtta brød med
ost og skinke + kaffe

kr. 35,-

Ta heim tilbud:

Fuccatia brød

kr. 19,90

Fylkesleir den 25.-28. juni Vikedal



Vi reiste med 2 toget, bort til Sandnes, så over til buss, tog for buss, til Stavanger. Deretter var det en ferje pluss en ny buss og da var vi i Vikedal ☺

Når vi kom fram og ut av bussen var det gal varmt ☺

Vi fant tunet våres der vi skulle sette opp teltene. Om bord på bussen frå Svala 4H var Rebecca, Christine, Karoline og Ann Kristin☺ Teltplassen låg et lite stykke ifrå miljøteltet og der møtene skulle finne sted og med toalettene i midten av dette. På fredag hadde vi en ekstremløype. Miljøtorge datt overende av en liten skypumpe, så de voksne så var igjen i leiren, fikk au noe å gjøre. Etterpå bada vi masse og kvelden gikk i miljøtelte☺

Lørdag var dagen for volleyballturneringen, masse vannkrig og finaler i både ekstremsportløypen og volleyballturneringen. Tunet våres vant. For 2. år på rad er det vår klubb som er med på vinnerlaget☺. Klart det var pause mellom kampene, da satt vi og bygget på båten vår som skulle være med i ta sjansen før finalene i de andre sportene.

Atter en gang vant vårt lag, mest for at våres var søttest dekorert, med stoff å glitter å masse sprell☺ Som natten før, gikk mye av kvelden i miljøtelte, bare at denne natta ble seniorenne sendt bort på speiderhai-king bort til et lite sted me et vann, en drøy time borte. Siden seniorenne var borte ble det holdt diskotek for dem som var igjen og døgning for de som trudde de klarte det. Søndag var det tid for avslutting. Priser ble delt ut, komiteen og andre som

hadde en finger med i spillet ble takket og leirområde ble ryddet. Jobben va gjort, været var varmt og herlig, så vi bada eller bare lå og nød varmen. Tilslutt kom bussene å vi reiste hjem etter å ha sagt hade til alle. På bussen så va air kondisjonen ødelagt å de gjekk ikkje an å åpna vinduå så alle var heilt varme. Men vi fekk byda buss i stavanger Så tog vi toge heim☺



Strikke kaféen



Denne starta opp att etter ferien 7. september kl. 16.30, og vil halda fram første mandagen i oktober, november og desember. Det var ein gild kveld med 16 frammøtte, og mykje nytt å læra, så desse mandagane ser eg verkeleg fram til.

Aud

Opprett en spareavtale i dag!

SPARING

Våre rådgivere har god kunnskap om ulike sparealternativer, og vil gi råd basert på dine ønsker og behov.

Ta kontakt på telefon **02002** eller se www.sr-bank.no for mer informasjon.



Bank. Sparing. Og deg.

SpareBank
SR-BANK **1**

Frå

redaksjonen



Då me laga den første "Varhaugbue" skulle Formtoppen treningssenter starta opp på Varhaug. No

er dette slutt, men i staden startar 4 spreke damer opp eit nytt. Det er veldig bra. For det første er det behov for eit treningsstad, og ikkje minst er det gøy at det kjem noko inn i dei tome lokala i Stueland bygget. Men desse damene er ikkje dei einaste som har etablert seg i ein kjellar. I det gamle kyrkjekontoret i kjellaren hos Time Sparebank har damer drive eit Velvære senter sidan februar. Dei skulle i grunnen vore presentert i sist blad, men av ein eller annan grunn "ramla" dei ut. I staden for det nå i dette bladet intervju me nye senter, som begge har med helse og velvære å gjera.

Ekstra gildt er det at dei tome lokala i sentrum vert fylt opp, og eg håper Varhaugfolk vil kjenna si besøkstid og støtta opp om desse nye tiltaka.

Eg plar i grunnen ikkje verta så velversjuk, men nå er eg passeleg lei alt regnet. Nå må det snart verta nokre samanhengande dagar med opphald slik at folk kan få grøda i hus før dei vert heilt øydelagt. Eg vert ganske dårleg når eg seg potetåkrar som står under vatn.

Bortsett frå den siste tida, tykkjer me har hatt ein ganske fin sommar med både sol og varme, så eg trur nok dei fleste har fått "lagra nokre vitaminer" til vinteren.

Viss lesarane har eit eller anna dei meiner Varhaugbuen bør skriva om, så ikkje vær blyge. Kom berre med kommentanten munnleg eller skriftleg.

Eg reknar med at det er einkvan som saknar Sjur sitt "skråblikk". Det gjer alle fall eg. Men ikkje fortvil; han kjem sterkt tilbake!

Svineinfluensaen forkorta 4H leir



Det fleste fikk vell med seg svineleiren, svineinfluensaen som kom til nordiskleiren vår i Breim, Sogn og fjordane i slutten av juli. 1700 deltakere, 2000 når de voksne ble telt med, hadde en kjempeleir i det gjentatte regnet som kom, men som ikke dempet stemningen. Det er egentlig ingenting som kan ta ånden frå 4H'ere på leir, viljen til å gjøre det beste ut av ting og se bort frå det negative.

Leiren begynte på onsdag 22.juli. Bussene kom frå morgon til kveld med glade, spendte og ivrige 4H'ere, klare for en uke med mye spennende og nye ting. Første kvelden gikk som vanlig, sette opp telt, innmarsjen, finne igjen gamle kjente og noen var allerede i gang med å bli kjent med nye. Området ble utforsket og da kvelden kom ble miljøtorget invadert av høylytte morojegere.

Torsdagen ble brukt til å bli kjent med andre fylker og nasjoner gjennom grupper på femten frå hvert fylke. Tre fylker/land ble satt sammen, og disse var dem som skulle reise i lag ut i kommunene påfølgende dag. Vi bygget i tunene også, for å gi det særpreg og å ha en plass å spise. Det ble send ned materialer, og av det fikk vi bygget et langbord der vi spiste frokost og kveldsmat.

Det ble fredag og vi skulle gjøre oss klare til å reise ut i kommunene. De første bussene reiste allerede kl 9.00. Folk spiste frokosten fort for å rekke å pakke. Det eneste vi fikk beskjed om var å ta med sovepose og liggeunderlag. Den ene gruppen skulle ha med badeklær, men vi fikk aldri vite hvilken gruppe det var. Tilslutt var alle av gårde. Det ble gjort forskjellige aktiviteter/besøk før vi ankom de forskjellige skolene og leirskolene. Det ble aktiviteter her også. Der hvor gruppen min var, sto det mellom golv, tube/vannski kjøring, skytesimulator og mer. Kvelden lir på, og litt etter 11 blir det satt på film.


Midt i filmen blir lyset slått på og filmen satt på pause. Alle får beskjed om å gå tilbake til rommene. Forvirret og forstumlet stabbet vi oss tilbake og ble møtt av noen bekymrede og litt alvorlige ledere. De ber oss sette oss ned og sier di har noe å si. "Det har brutt ut svineinfluensa på leiren. Et tilfelle er bekreftet, 20 er blitt satt på isolat fordi de har influensa symptom." De begynte med å forklare foretakene og hvordan vi skulle unngå å bli smittet. De som hadde kroniske

sykdommer eller var mer sårbare ovenfor influensaen ble sendt på isolat, sikkerhetsrutine. Bedre å være på den sikre siden... Vi ble bedt om å ringe foreldrene våres og si ifra om influensaen, og at vi var helt ok. Det for å slippe å få bekymrede telefoner frå foreldre når nyheten kom ut. Noen var inne på netten for å se om det sto noe der, og det gjorde det, med et unntak, det var ikke bare 20 på isolat, 27, 31, 36, 40, det bare fortsatte og økte. Stemningen ble så klart litt dempet, flere som plutselig begynte fikk feber, ble kvalmen, trøtten, vondt her og der og alt det der. Da det første sjokket hadde gitt seg ble stemningen bedre, og influensaen var fort glømt, eller ble emne for spøk og moro.

Dagen etter var det spritflasker overalt, klar til å desinfisere hendene våres etter toalettbesøk og fø. maten. Vi pakket ned sakene våres og ryddet rommene. Vi kom ut og skulle vente på bussene da vi fikk beskjed om at shoppingturen ned til Skeid ble avlyst, og vi dermed hadde en time å vente. Skottene, som var med, fikk i gang en liten fotballturnering for de som ville. Timen forsvant fort, så det ble satt kurs for geitesafari.

Før vi rakk å komme tilbake til leiområde var det allerede bekreftet at leiren måtte avvikles, ordre fra helsedepartementet. Vi kom av bussen å så at trønderne satt i bussene, klare til å dra. Mange frå Sogn og Fjordane var reiste og sørlige Finland var også borte. Tiltross for dette var det fortsatt mange igjen. Åpen dag var blitt





avlyst, men resten av opplegge for dagen fortsette. Talentkonkurranse "4H got talent", litt svinehumor frå senen, og den stakkars komiteen som var så leie seg for t leiren ble avviklet. Det hadde jobbet med denne leiren i 3ÅR! Det helle rundet av med en konsert der "Beautifull Alex" som var et rocka gutteband frå Østfold opptrede og noen andre band. Alle hoppa og skrek, sang med og var

virkelig tilstede. Det var heilt vilt.

Flertallet av 4H'erne var oppe hele natta for å få en helt fantastisk avslutning på leiren. Hele natten var det masse liv i miljøtorget. Folk hoiet, sang sammen; sanger som "alt for Norge" og sommerklassikere kunne høres helt til svinesund. Alle var glade, noen kanskje litt triste for å reise så tidlig fra leirflørtten, men alt i alt ville alle bare kose seg resten av leiren.

Det var en konge leir, alltid et minne for livet. Det er alltid kjempe herlig å møte igjen kjente og treffe nye livlige å glade 4H'ere!

Join neste gong da;

Stor Klem Christine



VVS EKSPERTEN
DET ER RØRLEGGEREN DET KOMMER AN PÅ



RØRLEGGER TEAM AS

Opstadvegen 621, Varhaug • Tlf. 51 79 83 10

Mandag - fredag åpent fra kl. 7.00 - 16.00
Lørdag åpent fra kl. 9.00 - 13.00

VENNELAGET FOR LENSMANNSGARDEN PÅ VARHAUG



Vennelaget inviterer deg til å verta medlem

OM LENSMAANNSGARDEN

Lensmannsgarden på Varhaug vart bygd i 1921-1922. Etter ein brann i 1932 vart løa bygd opp att på dei gamle murane. Lensmannsgarden var på denne tida eit av dei finaste tuna i Varhaug, med alléen, hagen og store og staselege bygningar.

Det meste av dette er intakt framleis, trass i "tidens tann", bruk og øydeleggjande inngrep.

I 2005 vedtok Hå kommunestyre at ein skulle ta vare på Lensmannsgarden, og at ytre reparasjonar av løa skulle gjerast med bruk av dugnadsarbeid. Desember 2008 vedtok kommunestyret å løyva 3 millionar kroner eks. mva til restaurering av løa.

OM VENNELAGET

Vennelaget vil utvikla Lensmannsgarden til ein kulturell møteplass i tråd med kommunestyrevedtaket 8. Mai 2008. Møteplassen skal vera open for alle, ein stad for mange og forskjellige aktivitetar og vera ein stad der ein kan treffast på tvers av tradisjonelle skiljelinjer. Med den plasseringa tunet har nær opp til sentrum med staselege bygg og tun, ligg det vel til rette for å ta vare på den kulturverdien som ligg i dette tunet.

I første omgang er det løa som skal restaurerast og gjerast klar til bruk, men kommunestyrevedtaket om bevaring av løa gjeld alle bygningane på tunet. På sikt skal heile området verta ein del av den kulturelle møteplassen.

Visjonen for Vennelaget:

- Utvikla heile tunet på Lensmannsgarden til ein kulturell møteplass for grupper i alle aldrar på tvers av etablerte miljø
- Ta vare på dei kulturhistoriske verdiane på Lensmannsgarden

Føremål for Vennelaget:

- Vera saman om å ta vare på Lensmannsgarden
- Bidra med dugnadsarbeid til restaurering og vedlikehald
- Medverka aktivt til å etablera aktivitetar på området
- Formidla historie og kulturhistorie
- Vera ein støttespelar for Hå Kommune

Vennelaget har i dag ca 170 medlemmar.



Ynskjer du å verta medlem, har idear til bruk med meir, så ta kontakt. Me er interesserte i dine innspel og idear, slik at Lensmannsgarden vert ein kulturell møteplass for alle.

STYRET:

Kjetil Skrettingland, leiar	99530456
Eldar Odland, nestleiar	90283616
Anny Hagesæter, sekretær	51430503
Frode Skretting, kasserar	97981520
Solveig Aanestad, styrem.	41532793
Svein Borgen, varam.	91121320

BYGGKOMITEEN:

Svein Varhaug, leiar	91116943
Dag Skretting	93411729
Jon Harald Håland	91181167

ORGANISERING AV DUGNAD:

Eldar Odland	90283616
Solveig Aanestad	41532793
Oddbjørg Skrettingland	99104254
Geir Egil Rosland	

MEDLEMSVERVING:

Svein Borgen	91121320
Asgerd Strømsvik Tjemsland	90565228
Hans Vigleik Jakobsen	97688571

Meir informasjon om vennelaget og Lensmannsgarden finn du på:
www.lensmannsgarden.net



Open Gard på Dysjaland

I mange år har Mildrid og Ole Andreas Aarsland på Dysjaland opna garden sin for alle som vil sjå. Det gjorde dei òg i år, og publikum fekk sjå ein velstelt og triveleg gard med mange ulike dyr.

Varhaug Bondelag står bak arrangementet, som skal gje folk moglegheita til å sjå kva som skjer på ein vanleg norsk gard, og få nærkontakt med dyr. Mildrid og Ole Andreas har sjølv kyr, kalvar og riser. Andre bønder i bygda stilte òg med geiter, kyllingar, kattungar og hundungar og fleire jenter hadde med hesten sin, som ungane fekk ri på. Borna krinsa seg kring smådyra og gleda lyste or auga når dei fekk halda ein lubben "gardamix", ein stripete kattunge eller ein vekesgamal kylling.

Utanom dyra, var alle dissene på garden svært populære. Born og vaksne gjekk sporleik i lag, tevla i jurfillekastning eller hoppa i høyet. På løa var dei mange trøtraktorane i "svev" og i tunet var det eit yrande "torgliv". Bondelaget grilla hamburger og pølse, Bygdekvinnelaget steikte og selde ut sine nydelege lappar, "Nikken" sine kålrabi-er vart delte ut i lag med det nye miljøgartneriet sine grønnsaker. Tine



delte ut smakar av ost og selde is og drikke og Prima selde grilltallerken.

Varhaugbuen såg berre "fjåge folk", både på arrangør og gjestesida, og ein må tru at det var eit svært vellukka arrangement. Me er heldige som har så mykje positive folk i bygda, som gjer det mogleg å få til sånne gilde dagar, og ikkje minst at nokon ser syn på å gjera det arbeidet det er å klargjera garden sin for "Open gard".

Kristin Søyland



Glimt frå Varhaugmarken

Marken vart avvikla 5. og 6. juni i fint ver og godt med folk. Dette året var det ikkje kinning av smør eller steiking av flatbrød i bondeteltet. Grete var oppteken, og når ikkje ho kan vera med, vert det ikkje flatbrød. Men Marken vart det likevel der bygdekvinnelaget steikte vafler og koka kaffi.

Elles var det dei vanlege aktivitetane med ongaløpet på fredagen, laurdags frukosten og Varhaugmilå med mange som deltok.



Baklengs salto

Når Varhaugbuen sin utsende er tilstades, har Oda akkurat teke baklengs salto over ein steingard etter at kalven hennar, Hors, har sprunge avgarde med ho. Når det er lenge sidan kalvane har vore ute, er dei svært villige til å springa og kan vera vanskelege å halda for ein tiåring. Renate sin kalv, Tara, har eit godt konkurranseinstinkt, og vil alltid vera fyrst. Renate er litt redd Tara skal konkurrera like mykje på Jærmessa, og springa forbi dei kalvane ho skal gå bak. Silje fryktar at publikum skal jubla eller ropa så mykje at hennar kalv, Helga, skal springa ut eller ta til å hoppa. Oda såg i fjor at ein stutkalv hoppa på dei andre kossekalvane, og ho trur kanskje Hors kan gjera det same, sidan han òg er ein stut. "Då verte æg flauel!", seier Oda.

Strategien klar

Seinare i intervjuet har jentene vore på tur med kalvane, sjokket etter saltoen har lagt seg og kalvane er rolege og gilde. Faktisk så rolege at det er vanskeleg å få dei til å gå framover. Journalisten spelar dommar og jentene stiller kalvane sine fint opp i "open posisjon". Her er mykje som skal lærast, og så må ein ikkje gløyma å vaska og kosta kalvane før dei kjem til "Id'en" og ha fine klær klar under kjeledressen.

Her vert ingenting overlatt til tilfeldighetene, strategien er klar og jentene verkar til å vera godt førebudde. Varhaugbuen ynskjer dei lukke til, og ser fram til mønstringa!

Kristin Søyland



Frå Jærmessa

Kalvedans!!

Det er 6 dagar att til kalvemønstringa på Jærmessa skal gå av stabelen, og Oda Josefine Lillesand (10), Silje Skåra Aase (11) og Renate Lillesand (14) har sommarfuglar i magen. Kva om kalvane deira vert skremde, nektar å gå eller tek til å pare på kalven framfor.

Frå kalvane kom til verda på Reiestad i juni, har Renate trent for dette. Etterkvart fann Oda og Silje òg ut at dei ville prøva seg på kalvemønstring.



Frå treninga



Kalvemønstringa på Jærmessa føregår sundag 30.august, og mønstrarane er inndelt i ulike klasser, fordelt etter alder. Målet er å visa fram kalven på best mogleg måte for dommarane, som står i midten

av ringen. Dommarane ser etter om kalv og mønstrar har trent, om dei er fine og reine, at dei står rett og at mønstrarane hjelper kvarandre, slik at kalvane går fint framover i ringen.

Alle som deltek vil få ei merksemd, og dei beste, som står att til slutt, kan nok venta seg ein premie av eit eller anna slag.

Kontorbygg/lager til leie på Varhaug

300 m fra sentrum og 400 m til togstasjonen



- Bra standard
- 1. etasje: 120m²
- 2. etasje: 330m² - kan innredes etter behov
- Byggeår 2008
- 15 parkeringsplasser
- Mulighet for å leie deler av bygget

For mer informasjon, kontakt Pål Skretting på tlf. 908 89 556.

PS service as

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Tlf. 908 89 556
Fax. 51 43 33 64




Grillkveld med italiensk besøk



Det som har hendt sidan sist er at me har asfaltert på nordsida av huset og lagt ned betongheller for å gjera det lettare for rullestolbrukarar. Me har og fått eit nytt bord inne til bufè, når det er mykje folk

Grillkvelden var 6. august med 74 frammøtte. Av desse var det eit italiensk ekteskap i bo bil som kom innom. Det var god stemning, godt drøs, god musikk av 5 stk frå trekkspelklubben og ikkje minst godt ver. Grillkokkane Arvid og Einar Varhaug gjorde ein kjempejobb. 4 av medlemmane i laget hadde laga kaker som vart servert til kaffien. Det heile var ein veldig gild kveld.

Oddvar Ånestad



Kom i Trygge Rammer

Snakk med oss om
forsikringsløsninger tilpasset
dine ønsker og behov

Velkommen innom!

Våre åpningstider:
Man-, tirs-, ons- og fredag kl. 09.00-15.30
Torsdag kl. 09.00-17.45

TIME SPAREBANK
- for Jæren

Rådhusgata 3 - Postboks 83 - 4368 Varhaug - 51 79 83 00
www.time-sparebank.no

Søndagskafe Lerbrekk



Det er mykje flotte rognebær nå, og slik ynskte Sigbjørn velkomen til kaffi på Lerbrekk den første søndagen nå i haust. Ekstra gildt var det at skulekorpset hadde to avdelingar med flott musikk. Pausen nytta dei både ute og inne.



Stoff-frist

Siste nummer av Varhaugbuen I 2009, skal ut før julegrana vert tend. Fristen for å levera stoff er difor 11. november. Dette kan de enten senda direkte til : trykkeri@jprint.no eller berre leggja det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer.

Årsmøte

Varhaug Bondelag

Vert på Lerbrekk skule
torsdag 22. oktober kl. 19.30.
Bjarne Undheim vert med.

Bunadskurs

Varhaug

Bygdekvinnelag

Starter bunadskurs
onsdag 23. september kl. 18.00
på Vigrestad skule
Lærer: Helene Haugedal
Kurset er på 52 timer
og koster 1300 kroner.

Påmelding til:
Liv Hobberstad telefon 941 35 016



Vi har fått ny sjef i smørjehallen



FRANK HÅLAND

Han gjør bilen klar til vinteren,
og er vert for dekk dine på
hotellet i vinter

Godt utvalg i DVD/CD,
Blue-Ray, PC spill og
PlayStation2.

Vi skaffer det meste
innen musikk og DVD



www.varhaug-servicenter.no

VI SMØRER BAGUETTER

Me trengje fleire medarbeidere (gjerne "voksen" person) snarest.
Arbeidstider; Kveld/helg ekstra i ferier. Kom innom med søknad

Svolten?

*Me har det mesta
som får deg
god og mett!*



BØEN STORKIOSK
S P I L L O G K I O S K V A R E R

TIPPING
WWW.NORSK-TIPPING.NO



Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55 • Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30